

Du er her: [Forside](#) [Nyhetsarkiv](#) Bad finanskomiteen tenkje på matproduksjonen

Bad finanskomiteen tenkje på matproduksjonen

Av Inger Johanne Sæterbakk, 21.10.2014 19:45

Norges Bondelag deltok i dag på høyring i finanskomiteen og advarte mot endringar i skatte- og avgiftspolitikken.

Leiar i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes deltok tysdag i finanskomiteen si høyring om statsbudsjettet, og fortalde om kva konsekvensar framlegga til endringar i skatte-, avgifts- og tollinntektsreglane vil få for den samla norske matproduksjonen.



Lars Petter Bartnes på høyring i finanskomiteen. Snakka om dei små besetningane

Eit framlegg i statsbudsjettet for 2015 er å auke minstegrensa for registrering i meirverdiavgiftsregisteret frå 50.000 til 150.000 kroner. 8500 landbruksføretak vil då felle ut av mva-registeret, og 67 % av desse er korn-, saue- eller ammekuproducentar.

- Vi ber finanskomiteen sørge for at beløpsgrensa blir halde uendra på 50.000 kroner. Dette er avgjerande for å sikre framleis rekruttering og innovasjon innafor landbruket, sa Bartnes til finanskomiteen.

Særleg mange sauebønder vil oppleve store inntektskutt dersom framlegga frå regjeringa om endringar i avgiftspolitikken får gjennomslag.

- Gjennomsnittsbisetninga i Noreg er knappe 70 vinterfora sau. Denne gruppa produsentar bidrar med ein betydeleg del av den totale produksjonen av sauekjøtt. Ved større investeringar vil manglande mva-frådrag svekke lønnsemda så mykje at drifta kan bli avvikla, advarte Bartnes

- Les også: [Savner skattegrep for økt matproduksjon](#)

- Prioriter forskning på landbruk

Ein annan negativ konsekvens for landbruket i framlegget til statsbudsjett, er at støtta til forskning på landbruk er foreslått kutta.

- Eit avgjerande verktøy for å nå målsettinga om auka matproduksjon er satsing på forskning og kunnskapsutvikling. At regjeringa vel å nedprioritere midlar til forskning på landbruksområdet er derfor eit steg i feil retning, sa Lars Petter Bartnes under dagens høyring.

Norges Bondelag vil bidra konstruktivt

Regjeringa har varsla ein gjennomgang av skatteordningane i landbruket med sikte på enklare reglar. Norges Bondelag ønskjer å bidra konstruktivt i dette arbeidet. Lars Petter Bartnes oppmoda i dag finanskomiteen om å sjå til at denne gjennomgangen blir gjort med det formålet å skulle styrke bondens økonomi, noko regjeringa tidlegare har uttalt at dei har eit mål om.

[Last ned heile høyringsbrevet til finanskomiteen.](#)



Norges Bondelag, Pb. 9354 Grønland, 0135 Oslo. Besøksadresse: Landbrukets Hus, Schweigaards gate 34 C. Tlf: 22054500

E-post: bondelaget@bondelaget.no

Ansv. redaktør [Per Skorge](#), komm.sjef [Lise Boeck Jakobsen](#)

[CorePublish publiseringssløsning](#)